

---

Saksnr: 2021/7841-7  
Saksbehandlar: Torbjørn Hasund

---

## Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fylkesutvalet		20.04.2021

Utkast til samfunnsdelen til kommuneplanen for Bremanger kommune 2021 - 2033. Uttale til offentlig ettersyn.

### Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune meiner at samfunnsdelen for Bremanger set retning på det vidare planarbeidet i kommunen, og at måla i planen svarar godt på det skildra utfordringsbiletet. Koplinga mot vidare arbeid med handlingsdel med økonomiplan bør verte meir tydeleg for å sikre oppfølging av planen.
2. Berekraftsmåla til FN ligg til grunn for planframlegget. Utviklingsplan for Vestland bør også leggjast til grunn for det vidare planarbeidet slik at kommunen og fylkeskommunen dreg i same retning for å oppnå berekraftsmåla.
3. Vestland fylkeskommune meiner det er positivt at det er utarbeidd overordna arealstrategi i planen. Det er viktig for å setje ei overordna retning på arealforvaltninga, og å binde saman samfunnsdelen med arealdelen.

### Samandrag

Samfunnsdelen som er på høyring har som overordna mål at Bremanger kommune er eit framtidretta samfunn som tek vare på naturgjevne fortinn, kulturell identitet og som har levande lokalmiljø. Kommunen har høg bustad-, arbeids- og besøksattraktivitet, og er i vekst. Plandokumentet er kortfatta og oversiktleig og har folkehelse, grønne val, infrastruktur og beredskap som gjennomgåande omsyn. Det inneheld også overordna arealstrategiar. Etter fylkesrådmannen sin vurdering svarar planen på utfordringsbiletet i kommunen, men Utviklingsplanen til Vestland og regionale planar er ikkje tatt med som føringar. Korleis planen skal takast vidare i arbeidet med handlingdel og økonomiplan kjem ikkje tydeleg fram. Fylkesrådmannen har elles kommentarar til koplinga mellom samfunnsdel og arealdel, folkehelse, klima, akvakultur, samferdsle, kollektiv og kultur, idrett og inkludering.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Paal Fosdal  
fylkesdirektør

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## SAKSUTGREIING

### Bakgrunn for saka

Kommunen har lagt utkast til kommuneplanen sin samfunnsdel til offentlig ettersyn. Melding om oppstart og høyring av planprogram var på høyring våren 2018, og Sogn og Fjordane

fylkeskommune gav innspel til planarbeidet. Kommuneplanen sin samfunnsdel er kommunen sin viktigaste overordna plan. Den handlar om kva kommunen skal satse på, og vil vere førande for kommunen si verksemd.

### **Vedtakskompetanse**

Etter «Reglement for folkevalde organ og delegering» punkt 41 om plan- og bygningslova, er det fylkesutvalet som har mynde til kome med uttale til utkast til kommuneplanen sin samfunnsdel.

## **VURDERINGAR OG VERKNADER**

### **Regionale rammer og føringar**

Regionale planar skal leggast til grunn i kommunalt planarbeid, og er eit grunnlag for samfunnsdelen. Dette er viktig for at kommunen og fylkeskommunen skal kunne jobbe mot felles mål i samfunnsutviklinga. FN sine berekraftsmål synleggjer at ein må sjå summen av tiltak i samanheng for å oppnå ei berekraftig utvikling.

Planutkastet nemner ikkje regionale planar og strategiar. Samfunnsdelen er det viktigaste overordna strategiske dokumentet for kommunen si verksemd framover. Vi meiner difor at utviklingsplanen og den relevansen den har for planarbeidet, bør skildrast kort i planen.

### **Planfaglege merknader**

#### Kopling mot handlingsdel og økonomiplan

Kommuneplanen skal ha ein handlingsdel. Korleis ein tenkjer å ta samfunnsdelen og dei måla og vegvala som er skildra her vidare er det ikkje sagt noko om i høyringsutkastet. Handlingsdelen vert som regel utforma som eit eige dokument, og knytt tett til eller som ein del av økonomiplanen. Dette er føremålstenleg då dette dokumentet skal rullerast kvart år.

Korleis ein tenkjer å ta samfunnsdelen vidare bør skildrast i samfunnsdelen. Handlingsdelen skal vise kommunen sine prioriteringar, og kva kommunen skal arbeide med framover. Føringane frå samfunnsdelen må difor vere tydelege og lett overførbare til arbeidet med handlingsdelen. Vegvala i kapittel 6 er det næraste planen kjem å skildre konkrete oppgåver ein må gjere for å nå visjonen, hovudmåla og delmåla som er sett. Vi vil oppmode kommunen til å gå gjennom vegvala i kapittel 6 og sjå om det er mogleg å i større grad formulere konkrete arbeidsmåtar eller tiltak.

#### Arealstrategi

Vi tykkjer det er positivt at planutkastet inneheld overordna arealstrategi. Det er i samsvar med Nasjonale forventingar til regional og kommunal planlegging. Arealstrategien er skildrande og delt opp i ulike tema aktuelle for arbeidet med ein arealdel. Det er eit godt steg på vegen til å gjere samfunnsdelen og prosessen rundt den relevant for vidare arbeid med arealdel. No veit vi at kommunen lenge har jobba med arealdelen, og at tema og struktur i stor grad er fastsett for ein del år framover. Likevel meiner vi at det er viktig å ha arealstrategi med i samfunnsdelen.

Arealstrategien kan også nyttast til å gjere endå meir konkrete val på kvar ein ønskjer utvikling i kommunen. For å få til god og samordna areal- og transportplanlegging kunne det vore ein fordel å konkret seie noko om kvar i kommunen ein ønskjer å prioritere ulik arealbruk. Då vil samfunnsdelen vere med å setje ei retning som på kvar ein vil prioritere tilrettelegging for investeringar i kommunal infrastruktur. Arealstrategien kan og brukast til å seie noko konkret om korleis ein vil nytte arealbruk som verkemiddel for klimatilpassing og reduksjon av utslepp av klimagassar.

#### Kapittel 6. Samfunns mål - slik vil vi ha det.

Kapittelet er på mange måtar oppsummeringa av planen der visjon, overordna mål og gjennomgåande omsyn skal gå saman i konkrete delmål og vegval. Vi meiner at planen delvis har lukkast med det. Det er ei utfordring i arbeidet med samfunnsdelen å bestemme seg for kor konkret ein skal vere. Planen skal ikkje skildre og prioritere alle konkrete tiltak som skal prioriterast, det vert ei oppgåve for arbeidet med handlingsdel og økonomiplan.

### **Folkehelse**

Folkehelse er sett som eit gjennomgåande omsyn i kapittel 4, og er kopla til mål og vegval i kvart av underkapitla i kapittel 6. Mange av vegvala som er skildra vil også vere positive i høve folkehelse. Folkehelse er eit av dei overordna tema, og som må ha sin plass i all kommunal verksemd. Det kan vere ein fordel for planen om folkehelse fekk si eiga skildring i eit underkapittel, der utviklingstrendar og folkehelseundersøkingar vert skildra, og slik set måla og vegvala i kapittel 6. i ein større samanheng. Det vil også kunne gjere det lettare å sjå litt nøyare på vegvala og om dei kan konkretiserast noko.

### **Klima og miljø**

Klima, miljø og berekraft er gjennomgåande nemnt i planen, gjennom koplinga til berekraftsmåla til FN og Grøne val i kapittel 4. Grøne val er også kopla til hovudmål, delmål og vegval i kapittel 6. Men det er i liten grad sagt noko om korleis kommunen skal sikre dette gjennom konkret forvaltning. Vi saknar i arealstrategien korleis kommunen vil leggje til rette for klimatilpassing og reduksjon i klimautslepp.

I kapittel 3 vert berekraftig utvikling som føresetnad skildra. Likevel tykkjer vi dei konkrete utfordringane for Bremanger kommune er lite konkret skildra. Vi saknar fokus på korleis kommunen vil setje retning for arbeidet med klimatilpassing, reduksjon av utslepp, inkludert også ei dreining mot ein meir grøn økonomi. Det inkluderer også det å gjere eksisterande næringar meir miljøvennlege og redusere sine utslepp av klimagassar.

Klimagassutsleppa til kommunen er på 258 110 tonn CO2-ekvivalentar. Utsleppa gjekk ned med 13 % frå 2018 til 2019. Utsleppa er klart størst innan industri, olje og gass, men også utsleppa frå sjøfart er store. Kommunen har kanskje få verkemiddel i høve dei store utsleppskjeldene, men i samfunnsdelen kan ein seie noko om korleis ein ønskjer å bidra, gjennom å setje ei retning på kommunal miljøpolitikk. Slik vi forstår det tenkjer kommunen å lage eigen klimaplan. Samfunnsdelen kan godt nyttast til å setje ei retning på dette arbeidet. I nokre sektorar har kommunen større moglegheit for å gjere ein skilnad for å få ned utslepp enn andre, og korleis ein meiner det er mest føremålstenleg å fram for Bremanger bør skildrast. Det er kanskje innan industri, jordbruk, vegtrafikk, avfall og avløp kommunen kan påverke mest.

Det går fram av planen at arealdelen skal ivareta viktige naturområde som blir nytta til rekreasjon. Men mykje av areala i kommunen er verken særleg nytta til rekreasjon eller er freda etter naturmangfaldlova. Mykje er det vi kan kalle for «kvardagsnatur» og vanleg førekomande. Desse areala vert forvalta gjennom plan- og bygningsloven, og kommunale planar og enkeltvedtak. I den forvaltninga er arealrekneskap viktig. Samfunnsdelen kan med fordel seie noko om arealrekneskap, altså at det skal vere eit prinsipp at ein har oversikt over behov for og etterspørsel etter ein viss type arealbruk, før ein legg til rette for det gjennom plan eller andre typar vedtak.

### **Akvakultur**

Kommunen har valt å prioritere fire hovudtema i kommuneplanarbeidet, mellom anna Arbeid /Næringsliv. Kommunen har mange gode delmål og vegval for å nå måla innanfor dette temaet, men vi merkar vi oss at akvakultur eller havbruk ikkje er direkte nemnd. Havbruksnæringa bidrar til kommuneøkonomien, og burde vore diskutert innan temaet.

Under arealstrategien for havbruk og fiskeri (side 21) vert det sagt at «Viktige gytefelt og område for kystfiske skal ivaretakast og vektleggast i arealdelen. For nye område for akvakultur og større utvidingar av eksisterande anlegg skal det stillast krav om detaljregulering». Her vil vi kommentere at det i rundskriv [«H/6/18 om lover og retningslinjer for planlegging og ressursutnytting i kystnære sjøområder»](#) ikkje er spesielt anbefalt å lage reguleringsplanar for akvakulturanlegg.

Vi vil difor anbefale kommunen å omformulere denne delen av arealstrategien, til dømes ved å byte ut «skal» med «kan».

### **Samferdsel**

Det er positivt at kommunen ynskjer å satsa på sentrumsutvikling og sentrumsnær bustadutvikling. Samstundes ynskjer kommunen å opne opp for noko spreidd busetnad, i tillegg til at ein ynskjer å opne opp for moglegheita til å søkje bruksendring frå fritidsbustad til bustad. I samband med dette må kommunen greie ut problemstillingane knytt til trafikktryggleik, manglande tilbod for mjuke trafikantar, trygg skuleveg og moglegheitene for å kunne nytte kollektivtransport. Me vil oppmode om at kommunen legg til rette for bustader o.l. langs eksisterande vegar og nyttar seg av eksisterande avkøyrslar frå fylkesveg, slik at ein ikkje legg opp til mange nye tilkomspunkt.

### **Kollektiv**

Vi oppmodar kommunen om å legge til rette for bustadbygging og arbeidsverksemdar langs eksisterande vegsystem og kollektivaksar av omsyn til ein mest mogleg rasjonell trafikkavvikling. Satsing på arealutvikling tilknytt eksisterande kollektivtilbod, butikk, skule og andre viktige målpunkt bør gjenspeglast i arealstrategiane. Det er ressurskrevjande å etablere trygge og effektive løysingar for mjuke trafikantar når busettingsmønsteret er spreidd framfor ein meir fortetta struktur. Spreidd busetting aukar og behovet for skoleskyss, og kan gjere kommunale tenester og beredskap meir krevjande å organisere.

Vi vil rå til å legge særskilt vekt på trygge skolevegar i samfunnsdelen. Samstundes vil tilrettelegging for møteplassar og kortast mogleg avstand til ulike tenester og aktivitetar bidra til meir levande og trivselsfremjande sentrumsområde. Vi registrerer at kommunen ønsker fortetting og skal ha eit hovudfokus på å utvikle Svelgen og dei andre tettstadene i kommunen mellom anna ved å etablere bilfrie areal og uformelle møteplassar. Slik tilrettelegging vil vere ein viktig del av arbeidet med å gjere Bremanger til ein endå meir attraktiv stad å bu og kan bidra positivt til folketalsutviklinga.

### **Kultur, idrett og inkludering**

#### Inkludering og integrering

Del innvandrar i kommunen er 14,3%, og mange av dei er arbeidsinnvandrar. 68,9 % av innvandarane var i arbeid i 2019, mot 64,2 % av innbyggjarane elles, jf. IMDI sitt faktaark om kommunen. Innvandringa kjem frå alle delar av verda, der Polen og Nederland er største opphavsland. Delen innbyggjarar med høgare utdanning er større i innvandarbefolkninga enn innbyggjarane elles, med høvesvis 39 % og 22,4 % Det er viktig at også desse gruppene er involvert i medverknads-prosessar.

#### Kulturarv

Her vil vi særleg peike på gjenbruk og istandsetting av kulturminne og kulturmiljø som er samfunnsnyttig både av omsyn til klima, ressursbruk og økonomi. Tiltak i samband med dette kan vere ein del av ein klimaplan. Å finne god balanse mellom vern og utvikling er ei av desse utfordringane. Kulturminne er ressursar for å bygge samfunnet. Her har kommunen ei viktig oppgåve med å ta vare på kulturarven som ressurs for kunnskap, oppleving, bruk og gjenbruk (sirkulær økonomi).

Kommune har ein kulturminneplan som skisserer fleire mål og strategiar for forvaltninga av kommunen sine kulturminne. Det er viktig at samfunnsdelen tek opp desse knytt til kulturminne, kulturmiljø og landskap. Den rike kulturarven i kommunen må forvaltast på ein berekraftig og framtidsretta måte. Mål og strategiar knytt til kulturarv kan også koplust til andre sektorar som til dømes reiseliv, folkehelse og oppvekst.

#### Idrett og friluftsliv

Fylkeskommunen oppmodar kommunen å inkludere «plan for friluftslivets ferdsselsårer» i kommunalt planarbeid. Friluftslivets ferdsselsårer er et nytt nasjonalt prosjekt (2019-2023) initiert av Klima- og miljødepartementet, leia av Miljødirektoratet. Ein eigen vegleiar for arbeidet finst på Miljødirektoratet sine nettsider.

#### Kommunen sin kulturplanlegging

Kommunen har ein gjeldande strategiplan for kulturfeltet frå 2010. Samtidig ser vi at kultur er ein stor del av kommuneplanen sin samfunnsdel. Kulturliv, idrett, kulturarv, mangfald og friluftsliv er rike kjelder til innhald i kvardagsliv og identitet i lokalsamfunna. Dei er viktige ressursar for å bygge kommunen si framtid. Desse er òg kjelde til næring og utvikling lokalt og regionalt og er helsefremjande faktorar, då dei er viktige for alle generasjonar si sjølvforståing, trivsel og verksemd.

#### Medverknad

Det er positivt at kommunen i kapittel 6.3. Hovudmål - fritid og kultur viser at ein vil legge til rette for aktivitetar for alle innan kultur, idrett og friluftsliv og stimulere det frivillige organisasjonslivet som arena for trivsel, engasjement, læring og livskvalitet. Kommunen skal også bidra til at kulturarven vert ivareteke.

Det er også positivt at ein i overordna samfunns mål vil at kommunen er eit framtidsretta samfunn som tek vare på naturgjevne fortrinn, kulturell identitet og som har levande lokalmiljø. Kommunen har høg bustads-, arbeids- og besøksattraktivitet og er i vekst. Der ein i delmål og vegval tek det breie kultur, idrett og kulturminneperspektivet med seg.

**Økonomi:** Saka har ingen verknader for fylkeskommunal økonomi.

**Klima:** Samfunnsdelen til kommuneplanen har ingen direkte verknader på målet om å redusere utsleppa av klimagassar i Vestland. Men, planen er med på å setje føringar for det vidare planarbeidet i kommunen, inkludert handlingsdel med økonomiplan, og kan på det viset vere med å påverke i kva grad kommunen vil verte i stand til å bidra til å nå klimamålet.

**Folkehelse:** Samfunnsdelen til kommuneplanen er med på å sjå dei ulike verksemdsområda til kommunen i samanheng, og medverke til at det vert lettare å jobbe tverrsektorielt med folkehelse og inkludering.

**Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):** Planutkastet er tufta på FN sine berekraftsmål, men tek ikkje utgangspunkt i Utviklingsplan for Vestland, og det vert påpeikt i vår uttale. Men, planutkastet tek opp og diskuterer eit breitt utval av ulike samfunnsoppgåver, og er eit grunnlag for kommunen til å utvikle gode tenester og eit framtidsretta Vestland.

## KONKLUSJON

Kommunen har lagt fram eit plandokument som er kortfatta og oversiktleg. Det er lett å få innblikk i korleis kommunen tenkjer, og kva de ønskjer med arbeidet. Vi har i vår uttale innspel til mellom anna koplinga mot samfunnsdel og arealdel, folkehelse, akvakultur, samferdsle, kollektiv og kultur, idrett og inkludering.

Vi vil oppmode kommunen til å legge Utviklingsplan for Vestland til grunn i det vidare planarbeidet, slik at kommunale og fylkeskommunale mål og strategiar i størst mogleg grad går i same retning.

Fylkeskommunen ønskjer å støtte kommunen i arbeidet med å få til ein heilskapleg samfunnsdel som ser på tvers av ulike interesser. Samfunnsdelen skal òg vere eit godt strategisk «arbeidsreiskap» som gir gode føringar til vidare arbeid med handlingsdel, og eventuell rullering av arealdelen.